



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Arkivsaknr.:
24/86

Journalnr.:
26/433

Arkivkode:
K2-L12

Dato:
11.02.2026

Vedtaksbrev Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru

Kommunestyre Sak - 004/26:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturtrasear – o_SK endrast til:

1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk
2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kari Seim

Postboks 7900

5020

Bergen



Saksframlegg

Arkiv: K2-L12
ArkivsakID: 24/86
JournalpostID: 26/190
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 19.01.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
005/26	Formannskap	29.01.2026
004/26	Kommunestyre	05.02.2026

Sluttbehandling Reguleringsplan Rørdalsfjord bru

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4363_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

29.01.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-005/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4363_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19. Plankartet skal reviderast med vedtaksdato.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

05.02.2026 Kommunestyre

Handsaming:

Felles framlegg om vedtak:

"Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturtrasear – o_SK endrast til:

1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk
2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12."

Votering:

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-004/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4636_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturtrasear – o_SK endrast til:

1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk
2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Innsyn sak 2024 / 86 Reguleringsplan Rørdalsfjord bru: [Søk og postliste - Solund kommune](#)

F.sak: 070/25 Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru: [Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru](#) vedlegga til saka: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022001972!myS7Rd/d-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022015296!PEd0On

Status og innkomne merknader til høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan fv. 5591 Rørdalsfjorden bru: https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022001972!myS7Rd/d-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2022016369!zjinEW

XX

Kommuneplanen sin samfunnsdel: [Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2030](#)

Plan og bygningsloven: [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Lovdata](#)

Naturmangfoldsloven: [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\) - Lovdata](#)

Kva saka gjeld:

Saka gjeld slutthandsaming og endeleg vedtak av reguleringsplan for Rørdalsfjord bru.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune starta i 2024 samarbeid med Solund kommune arbeidet med reguleringsplan for fv. 5591 Rørdalsfjord bru. Bakgrunnen for planarbeidet er behovet for ny bru over Rørdalsfjorden, då dagens bru er smal og legg begrensingar på transport og framkomst. Etter etablering av ny bru over Ytre Steinsund, vil all trafikk til og frå Ytre Sula bli flytta sørover og leidd via fv. 5591 Nøravegen og Rørdalsfjord bru. For å sikre trygg og effektiv trafikkavvikling, må brua og tilhøyrande vegstrekning oppgraderast.

Solund formannskap gjorde vedtak i f.sak 070/25 om å legge reguleringsplanen ut på offentlig høyring og ettersyn. Vestland fylkeskommune la ut planen på høyring med høyringsperiode 15.11.25 - 04.01.26. I samsvar med plan og bygningslova §12-1, 2. ledd skal kommunestyret sørge for at det vert utarbeida planar for dei område der dette følgjer av lova.

Føremål med planarbeidet

Med ny bru over Ytre Steinsund vil all trafikk på Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og vil måtte gå via fv. 5591 Nøravegen og Rørdalsfjord bru. Dagens bru legg begrensingar på transport på strekninga, og denne utfordringa vil bli ytterlegare aktualisert når all trafikk til Ytre Sula skal leiast inn på Rørdalsfjord bru. Strekninga er om lag 1,2 km og tilfredsstillar ikkje krava i vegnormalen. For å oppnå full effekt av den nye brua over Ytre Steinsund, må brua over Rørdalsfjorden vere i stand til å ta i mot trafikk frå det nye sambandet.

Føremålet med planarbeidet, er å gjere brua og vegstrekninga meir trafiksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy. Prosjektet vil bidra til å betre framkome for næring og busetnad på Ytre Sula, som vil gje meir verdiskaping for samfunnet, både lokalt på Ytre Sula og for Solund som kommune.

Planen legg til rette for ny bru og utbetring av om lag 1,2 km veg, med tofeltsveg etter gjeldande standard. Alternativ 1B frå silinga i forprosjektet er valt som løysing grunna god landskapstilpassing og lågare kostnad. Tiltaket vil gi vesentleg betre framkomst og trafikktryggleik. Landskapstilpassing er vektlagt og ny bru vil få eit meir nøytralt uttrykk enn dagens bru.

Planprosess

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har, etter avtale med Solund kommune og med heimel i plan- og bygningslova § 3-7, teke på seg ansvaret for å organisere planarbeidet og utarbeide planforslaget. Dette omfattar å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn og gjennomføre 2. gongs handsaming. Etter offentleg ettersyn vil fylkeskommunen utarbeidd ei oppsummering av innkomne merknader frå høyringsperioden og gjennomføre naudsynte justeringar i planforslaget, før 2. gongs handsaming av planen og endeleg vedtak i Solund kommune.

Oppstartsvarsel for planarbeidet vart sendt ut av Vestland fylkeskommune 07.05.2024, oppstartsmøte vart gjennomført 11.03.2024 og folkemøte vart halde 23.10.2024. Høyringa vart som tidlegare nemnt gjennomført i perioden medio november til primo januar.

Planframlegget

I samband med oppstart av planarbeidet blei det i planinitiativet konkludert med at planarbeidet ikkje fell inn under verkeområdet for §§ 6 og 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Kommunen støtta denne vurderinga i oppstartsmøtet og konkluderte med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing ved varsel om oppstart av planarbeidet. Etter oppstartvarselet har Statsforvaltaren gjort merksam på at vurderinga etter § 10 bokstav b ikkje er tilstrekkeleg, grunna registrering av ein sterkt truga art i nærleiken av planområdet. Statsforvaltaren har vurdert at planarbeidet fell inn under KU-forskrifta, og tilrådde ei avgrensa konsekvensutgreiing med fokus på naturmangfald, i tråd med metodikken i Miljødirektoratets handbok M-1941. Denne er gjennomført, medan dei andre temaa er omtala i planomtalen saman med fagrapportar.

Planframlegget omfattar byggeformål samferdsle med formål som veg, teknisk anlegg, grøntareal, parkering, i tillegg til LNF og kombinerte formål i sjø. Dei ulike formåla har føresegnar som seier kva som er tillate i kvart formål.

Det har blitt vurdert ulike løysingar, og det er landa på eit alternativ med kort fylling, som gir slakare kurver på på begge sider enn dagens bru. Bru vert lagt sør for dagens bru, og er kalla alternativ 1B. Alternativ 1B har kortare bruspenn, nyttar eksisterande fylling som støtte, og gir god landskapstilpassing. Kostnaden er også lågare enn samaliknbare alternativ. Ulempa er at det ligg nær dagens bru, noko som kan gi utfordringar under bygging.

Andre opplysningar

Det vert vist til f.sak 070/25 Høyring og offentleg ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru for ytterlegare opplysningar om brua, tiltaka, omsyn, verdiar, eksisterande bruk og konsekvensar for denne, og forholdet til kommuneplanen sin arealdel i området. Det vert også vist til dokumenta i planframlegget.

Forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel

Betring av veginfrastruktur vil kunne bidra til mange målsettingar i samfunnsdel. Dette gjeld både målsettingar knytt til gode bukvalitetar, mangfaldig næringsliv og fleire arbeidsplassar, legge tilrette for aktivt, inkluderande samfunn. Det er også målsettingar om at Solund skal vere ein trygg plass å leve og arbeid, og ein skal prioritere tiltak for utbetring av flaskehalsar på vegar som er utfordrande for dagens næringsliv.

Merknader

Det er komme inn fem merknader, alle frå offentlege myndigheiter.

- Statens Vegvesen (SV) vurderer det slik at tidlegare merknader frå SV er teke i vare. Dette medfører difor ikkje endring i planframlegget.
- Fiskeridirektoratet (FD) vurderer det slik at planframlegget tek tilstrekkeleg i vare tidlegare innspel frå FD. Dette medfører difor ikkje endring i planframlegget.
- Statsforvaltaren (SF) er positive til planframlegget knytt til naturmangfald og overvaking i sjø.
 - Det vert bemerkta usikkerheit til ei føresegn kring løyve i samsvar med naturmangfaldslova. Dette medfører ei justering i føresegnene.
 - Det er ynskje om å redusere stiane til maksimalt 1 meter. Dette medfører ei justering av føresegnene.
 - Ynskje presisering av ei føresegn om attvinning av brua. Dette medfører ei presisering i føresegnene, og ei justering i Ytre Miljø-planen.
 - Ynskje om å reetablere natur på vegareal som går ut av bruk. Dette medfører justering av Ytre Miljø-planen.
- NVE har ei generell tilbakemelding, der dei blant anna minner om kommunen sitt ansvar for å iavreta flaum-, og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i planarbeid. Dette medfører ikkje endringar i planframlegget.
- Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og folkehelse (KFO) har innspel om gjerdning og merking av kulturminne, i tillegg til at utførande entreprenør må informerast og at kulturminnet ikkje må utsettast for belastning. Dette medfører nye føresegner knytt til dette området som omfattar forbod mot inngrep eller bruk av området, krav til markering, informasjonstiltak og eventuell overvaking.

Dokumenta i planframlegget er ikkje revidert utover det som har vore behov for, for å stette vurderingane av innspela. Det er difor berre gjort endringar berre i planomtalen og føresegnene. Dei konkrete endringane finn ein i vedlagt "*Merknadsskjema fv. 5591 Rørdalsfjorden Bru offentlig ettersyn 15.01.2026.pdf*".

Framdrift

Samtidig som planen går gjennom slutthandsaming, så vert det jobba med utlysing av konkurransegrunnlag. Det vert valt entreprenør og denne vert sett i arbeid i løpet av våren.

Ytre Steinsund bru er kan bli ferdigstilt 30. oktober, men har kontraktsfesta frist 31.12.26. Tentativ framdrift for bygging av Rørdalsfjord bru:

Godkjend reguleringsplan:	Februar 2026
Anskaffelse totalentreprise:	Februar - mai 2026
Oppstart veganlegg:	Juni 2026
Oppstart bru:	Haupt 2026
Opning av Rørdalsfjorden bru:	Mai/ juni 2027

Med denne framdrifta må gamle Rørdalsfjord bru ivareta trafikken i 6-7 månader før ny bru står ferdig. Vestland fylkeskommune har vore i dialog med bedrifta som bli hardast ramma av dette. Tilbakemeldinga frå bedrifta er at vilkåret om redusert "lastekapasitet" på brua har dei løysingar på i denne perioden.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer framleis tiltaket som avgjerande for at brua over Ytre Steinsund skal ha full verknad for samfunnet, og at planframlegget er grundig gjennomarbeidd og tek omsyn til lokale verdiar og forhold i området jamfør vurdering i f.sak 070/25. Planframlegget står godt opp om mål i samfunnsdelen blant anna for samferdsle, bukvalitet og næring, som omtala i saksutgreiinga. Innsjela som er komne inn er vurdert til å bli godt ivaretekne med endringar i plandokumenta der dette har vore nødvendig. Kommunedirektøren meiner at lokale grunneigarar er godt ivaretekne og bedrifta som vert hardast ramma har det også vore god dialog med. Planframlegget er strengt tatt ikkje i tråd med kommuneplanen sin arealdel sidan all veg i arealdelen er LNF-område (dette er vanleg), men det er heilt i tråd med bruken av området. Det er gjort grundige kartleggingar og vurderingar, og det er laga føresegnar, som etter kommunedirektøren si meining, ivaretek desse verdiane.

Vegen frå brufestet på vestsida av fjorden og utover til kryssen mot Kolgrov/ Ytrøygrend er smal, med mykje svingar og få utkøyningar. Dette er noko som Vestland fylkeskommune har blitt gjort oppmerksom på ved fleire høve, og Vestland fylkeskommune som vegeigar er godt kjend med at det kan skape problem når store delar av tungtrafikken i ytre delar av kommunen skal passere dette området. Dette er ei bekymring som må følgjast opp med fylkeskommunen og som det må haldast trykk på i tida framover både i anleggsperioden og i tida etter, for å sikre gode vilkår for både innbyggjarar og næringsliv.

Naturmangfald

Det følgjer av Naturmangfaldslova (nml.) § 7 at "*Prinsippene i §§ 8-12 skal legges til grunn om retningslinje ved utøving av offentlig myndighet...*" I planomtalen er det gjort ei vurdering av tiltaket opp mot dette lovverket. Kommunedirektøren støttar konklusjonen om at kunnskapsgrunnlaget (§8) er godt, med omsyn til dei kartleggingane som ligg til grunn for planarbeidet. I tillegg ligg føre-var-prinsippet (§9) til grunn, der det har vore usikkerheit. Planområdet omfattar i stor grad allereie utbygd område, og det er difor ikkje forventa at den samla belastninga på naturmangfaldet (§10) i området vil bli særleg påverka. Vestland fylkeskommune er kjend med at dei skal dekke kostandane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar. Dette er også synleggjort i føresegnene, som til dømes ved at den gamle brua skal fjernast og attvinnast, og ubrukt areal skal revegeterast. Det er gjort alternativsvurdering (§12), sjølv om dette har avgrensa verknad for naturmangfaldet då området stort sett er berært allereie. Kommunedirektøren støttar difor vurdering gjort i planomtalen der konklusjonen er at det ikkje er identifisert vesentlege konsekvensar for naturmangfaldet, med dei føresegnene som ligg i planen.

Oppsummering

Kommunedirektøren meiner at endringane i planframlegget som er gjort etter offentlig ettersyn, er så små at det ikkje er behov nytt offentlig ettersyn. Vurderinga er at planframlegget som er lagt fram til sluttbehandling er godt gjennomarbeida og vil bidra til at ein får full verknad av brusambandet over Ytre Steinsund. Det vert tilrådd å vedta planen slik den ligg føre.

Orientering frå administrasjonen 2. februar 2026:

I arbeidet med prosjektering av Rørdalsfjorden bru, så har Vestland fylkeskommune oppdaga motstrid i ei føresegn. Dette gjeld motstrid mellom 6,5 meter breidde på veg, og to-feltsveg slik denne er definert i handbok N100. For å oppklare denne potensielle misforståinga, så bed Vestland fylkeskommune om at føresegna vert tydeleggjort.

Endringa gjeld føresegn 3.1.7, som lyder som følgjer i føresegnene lagt ved i saka:

3.1.7. Kombinert formål for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastrukturasear -

o_SK

- a) Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med to-felts køyreveg med breidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk.
- b) Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.

Det er ynskje om å endre «to-felts køyreveg med breidde» til «med føringsbreidde».

Vurdering:

Tilråding frå kommunedirektøren er å innarbeide endringa. Administrasjonen ser ikkje at dette får nokon praktisk konsekvens for tiltaket, medan dersom kommunestyret vel å ikkje gjere endringa så kan det få konsekvensar for framdrifta. Det vert tilrådd å halde på vedtaket frå formannskapsmøtet, med ei tilføyning om endring av føresegna.

Framlegg til nytt vedtak:

«Solund kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjord bru, PlanID 4363_202401, som vist på plankart datert 30.09.2025, og med føresegner og planomtale datert 2026.01.19, med følgjande endring: Føresegn 3.1.7 Kombinert formål for samferdsle og/ eller teknisk infrastrukturasear – o_SK endrast til:

- 1. Innanfor område o_SK skal det byggjast ei bru med føringsbreidde 6,5 m, i tillegg kjem sideareal til skulder og rekkverk*
- 2. Brua skal ha eit seglingsløp på 9 meter x 3,6 meter.*

Plankartet skal reviderast med vedtaksdato, og føresegnene skal reviderast i tråd med vedtaket.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.»

